



SANDE KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Rådhuset, Larsnes

Dato: 12.05.2020
Tid: 08.15 – 11.15

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Elisabeth Kirkholm	Leiar	H
Silje Ekroll Riborg	Nestleiar	Sp
Hilde Iren Sætre	Medlem	H
Kenneth Rusten	Medlem	TvP
Torbjørn Rekdal	Medlem	Frp

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn

Varamedlemmar som møtte:

Namn

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS):

Namn	Stilling
Haldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
Trond Aglen	Kommunedirektør. Ikkje i sak 18/20 og 22/20.
Olav Myklebust	Ordførar. I sak 23/20.

SAKLISTE

- SAK 14/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
SAK 15/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
SAK 16/20 MELDINGAR
SAK 17/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
SAK 18/20 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2019
SAK 19/20 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2019
SAK 20/20 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TENESTEYTING I
HEIMESJUKEPLEIA – OPPFØLGING
SAK 21/20 ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN – STATUS
FLEIRBRUKSHALL – LARSNES
SAK 22/20 ORIENTERING FRÅ NESTLEIAR – MULIGHEITANE FOR INNSYN
BL.A. BRUK AV POSTJOURNAL
SAK 23/20 BRUK AV HASTEPARAGRAF
SAK 24/20 UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
14/20	033	01.04.2020	12.05.2020	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Samrøystes vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent. Sak 22 vert å ta som siste sak, og vert frivillig å vere med på.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
15/20	049	01.04.2020	12.05.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 11.03.2020.

Vedlegg

1. Møteprotokollen frå møtet 11.03.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
16/20	033&17	01.04.2020	12.05.2020	KS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitende.

Vedlegg

Frå bladet Kommunal økonomi, nr 3. 2020 – «Ny inkassolov raserer kommunal innkreving».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
17/20	033&58	05.05.2020	12.05.2020	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar bortsett frå bruken av hasteparagraffen. Utvalet viser her til sak 23.

Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Sande kommune si heimeside - <https://innsyn.sande-mr.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=mote&moteid=51&>

Møteprotokollar til gjennomgang (feit skrift):

Administrasjonsutvalet:

Eldrerådet:	11.02			
Evalueringsgruppe Skulestruktur:	10.02			
Formannskapet:	25.02	10.03	03.04	21.04
Helse- og oppvekstutvalet:	12.02	15.04		
Kommunestyret:	04.02	10.03	28.04	
Næring-, teknisk- og miljøutvalet:	12.02	15.04		
Råd for likestilling av funksjonshemmede:	11.02	14.04		
Ungdomsrådet:	10.02	14.04		
Valstyret:				

SSR IKS – styret

31.01 27.02 20.03

SSR IKS – representantskapet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
18/20	216	05.05.2020	12.05.2020	JoS

REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2019 SANDE KOMMUNE

Samrøystes vedtak

Ut frå dei opplysningane som er mottekne og kjende, har Kontrollutvalet ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon i Sande Kommune for revisjonsåret 2019.

I møtet

Dagleg leiar Jostein Støylen og oppdragsansvarleg revisor orienterte og svarte på spørsmål. Kontrollutvalet ville ha orientering frå revisor om frå dokumentet som var unnateke offentleg innsyn.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes å lukke møtet under orienteringa og spørsmålsstilling til revisor, jf. Kommunelova § 11-5, 2. lekk b, då innsyn vil motverke revisjonen sin kontroll.

Møtet vart lukka kl. 09.00

Etter orienteringa vart møtet opna igjen kl. 09.12.

Vedtaket vart gjort i ope møte.

Vedlegg:

Statusoversikt og kontroll for 2019. Unnateke offentleg innsyn **jf. Offentleglova § 24 1. lekk**

Saksopplysningar

Denne saka er todelt.

- Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen og arbeidet som er gjort.
- Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen, vert gjort merksam på tilhøve som det kan vere noko mangel ved og/eller kan gjerast betre.

I Kommunelova frå 1992 § 77 nr. 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

Kontrollutvalet sin oppgave er utdjupa i kontrollutvalgsforskrifta som var heimla i kommunelova frå 1992 (1994) § 6:

«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

I KommuneLOVA av 2018 § 23-3 a står det: «Kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»

I Forskrift om kontrollutval og revisjon (2019):

«§ 3. Kontrollutvalgets oppgaver ved regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruks og avtaler med revisor
- c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3. Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

Kontrollutvalget skal påse at regnskapsrevisorens påpekinger etter kommuneloven § 24-7 til § 24-9 blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekingene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt «på sjå»-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

Rettleiaren er utarbeida med utgangspunkt i kommunelova av 1992. På førespurnad til NKRF får ein opplyst at den gjeld inntil det kjem ny, men at det ikkje vil verte vesentlege endringar i høve på-sjå ansvaret overfor finansiell revisjon/årsrekneskapet.

I tillegg kjem revisor si orientering/gjennomgang av revisjonsarbeidet for året.

Under finn ein kva som er gjort i høve til tilrådingane i rettleiaren:

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor.
Oppdragsansvarleg revisor er registrert revisor. Kvalifikasjonskrav og praksis er dermed følgd opp.
2. Krav til vandel for oppdragsansvarleg.
Oppdragsansvarleg revisor er registrert revisor. Vandelsattest er nødvendig for å få registrering.
3. Dokumentasjon av revisors uavhengigheit.
Revisor har levert skriftleg eigenvurdering for året.
4. Generelt om revisors uavhengigheit og objektivitet.
Så langt vi har kjennskap til revisor er ho uavhengig. Det er ikkje grunn til å tru anna enn at revisor vurderer si uavhengigheit fortløpande og rapporterer om eventuelle endringar.
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald.
Kontrollutvalet sin kjennskap til kva revisjonsarbeidet omfattar er opparbeida gjennom utdanning, yrkeserfaring, erfaring med revisjonseiningar, skriftlege og

munnelege orienteringar frå revisjonen. M.a. i høve godkjenning av planleggingsdokumentet datert 10.10..2019, sak 27/19 og forbundsbasert kontroll på revisjonseininga frå Norges kommunerevisorforbund. Siste forbundsbasert kontroll var i 2016. Godkjent resultat vart formidla til kontrollutvalet som melding. I tillegg ligg det føre for kontrollutvalet, jf. vedlegg til saka, Statusoversikt og kontroll for 2019 , og konklusjon Dette dokumentet er unnateke offentleg innsyn, jf. Offl. § 24, 1. lekk).

Desse dokumenta omhandlar oversikt over revisjonen sitt arbeid med finansiellrevisjon

Frå oppsummeringa av revisjonen sitt arbeid:

Konklusjonsmoment gir grei oversikt.

Totalkonklusjon:

Det er ikkje avdekka feil i revisjonsarbeidet, som ikkje har blitt endra utover det som blir nemnd nedanfor, Det er ikkje grunnlag for å kunne konkludere at det ligg føre vesentlege feil som ikkje har blitt avdekka som vil påvirke arbeidsvesentlegheitsgrensa slik den vert overskriden, fastsett til kr 1,6 mill.

Revisor peikar på:

- 1. Balansen og note vedkommande pensjonskostnadar viser eit premieavvik. Dette er ei rekneskapsteknisk anordning av betalte pensjonskostnadar og inga reell fordring.*
- 2. Beløpa i årsrekneskapen viser vesentlege meirforbruk i forhold til regulert budsjett på fleire av sektorane.*

Årsrekneskapen kan derfor leggjast fram slik den ligg føre.

- 6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet.
Kontrollutvalet har inngått samarbeidsavtale med revisjonen.*
- 7. Revisjonsstrategi.
Revisor har utarbeida revisjonsstrategi/revisjonsplanlegging for året. Denne var til behandling/orientering i kontrollutvals sak 27/19 10. .oktober 2019.*
- 8. Nummerert brev.
Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev for året.*
- 9. Mislegheiter.
Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om mislegheiter i året.*
- 10. Revisjonsmeldinga.
Revisjonsmelding ligg føre. Den er datert 05.05.2020.*
- 11. Revisor sin møteplikt og møterett.
Revisor har fylgt si møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.*
- 12. Revisor sin opplysningsplikt.
Der er ikkje grunn å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og kontrollutvalet burde hatt.*

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
19/20	212	05.05.2020	12.05.2020	JoS

KOMMUNEREKNESEKAPEN MED ÅRSMELDING 2019 SANDE KOMMUNE

Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2019 datert 05. mai 2020.
2. Kontrollutvalet meiner at årsrekneskapen for Sande kommune for rekneskapsåret 2019 kan godkjennast.
Årsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på -kr 1 165 826
Og eit rekneskapsmessig meirforbruk (underskot) på kr 2 104 014

Årsrekneskapen er sett saman av:

- ✓ balanse pr. 31.12.2019
- ✓ driftsrekneskap
- ✓ investeringsrekneskap og økonomiske oversikter
- ✓ notar inkl. samandrag av viktige rekneskapsprinsipp

I møtet

Kommunedirektør Trond Arne Aglen orienterte og svarta på spørsmål bl.a:

- Bruker meir pengar på drift enn det ein har pengar til. For høgt forbruk
- ROBEK status fortsatt. Kommunen må lage forpliktande plan
- Årsmelding. Kommunen skal spare 12 mill. på drift. Må spare inn 15. mill. i høve til året sitt resultat. Kommunen har for høge driftskostnader
- Ressurskrevjande brukarar tek store ressursar. Staten stiller store krav (dokumentasjon) for å få refusjon
- Aukande krav til tenestene frå Staten
- Bilda frå sektorane ligg i årsmeldinga
- KS konsulentar bestilt for i haust ta gjennomgang av helse- og sosialsektor og teknisk sektor.
- Kommunedirektøren har ikkje god nok styringsinformasjon på økonomi – fekk difor ikkje nok informasjon før i desember 2019 når det gjeld den økonomiske situasjon

Vedlegg

1. Revisjonsmelding 2019 som er datert 00.05.2020
2. Rekneskap 2019
3. Rekneskap 2019 Detaljar – investering, drift, balanse
4. Årsmelding 2019

Saksopplysning

Grunnlag for kontrollutvalet si behandling er det avlagde årsrekneskapet, revisjonsmeldinga datert 05.05.2020 og den framlagde årsmeldinga.

Driftsrekneskapen viser kr 178 522 609 til fordeling i drift (170.539.000 i 2018).

Rekneskapen er avslutta med negativt netto driftsresultat på kr 1 165 826 (kr 3.287.577 i 2018) og eit rekneskapsmesseig meirforbruk (underskot) på kr 2 104 014. (kr 0 i 2018).

Revisjonsmeldinga

Revisor sin konklusjon om årsrekneskapen:

Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gir per 31.12.2019 dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen, annan informasjon, rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen og revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen går fram av revisjonsmeldinga.

Revisor konkluderer slik om andre lovmessige krav:

- Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak. Beløpa i årsrekneskapen viser avvik i forhold til budsjett på fleire rammeområder. Avvika er gjort greie for i årsmeldinga.
- I balansen og i note framkjem premieavvik. Dette er ikkje noko reelt krav.
- Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.
- Leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk i Noreg.

Rekneskapen

Innholdslista finn ein på side 2.

Obligatorisk økonomiske oversikt over driftsrekneskapet, skjema 1A finst på side 4 etter innholdslista. Skjema 2A Investeringsrekneskapet på side 5.

Notane «1 til 8» sidenr 1-6. Vi saknar note/opplysning om løn/godtgjersle til ordførar og rådmann. Dette var etterlyst i 2018 og 2017 også. Vi forventar at dette vert ordna for framtida. Detaljert rekneskap, med investeringsrekneskap og balanse fylgjer også med.

Årsmeldinga

Innhald frå side 2

Økonomi

Sjå særleg side 13,14, 20,24.

Den økonomiske situasjonen er ytterlegare forverra, då driftsresultatet også i 2019 er negativt. Vi vil spesielt peike på det høge:

1. Driftsnivået
2. Lånegjelda

1. Driftskostnadane har vore høgre enn driftsinntektene over tid. Dei fleste sektorane har vesentleg overforbruk i forhold til budsjettet. Måtalet om at netto driftsresultat bør utgjere 1,75% av driftsinntektene er såleis ikkje nådd. Kommunen har ikkje lenger disposisjonsfond og har dermed ikkje noko økonomisk støtpute. Kommunen blir verande i ROBEK.
2. Lånegjelda utgjer kr 103 455 pr innbyggjar. Dette er omtrent på nivå med nabokommunar, men vesentleg høgre enn landsgjennomsnittet ex. Oslo som er på kr 72 360.

Personal / HMS

Sjå særleg om sjukefråvær side 11.

Politisk og administrasjon

Sjå særleg oversikt over saker pr utval, side 32. Bra med slik oversikt.

Årsmeldinga gir detaljert melding frå einingane.

Kommunelova § 48 nr 5 seier at det i årsmeldinga skal gjerast greie for tiltak som er sett i verk og tiltak som vert planlagt sett i verk for å sikre trygg kontroll og ein høg etisk standar i verksemda. I framtidige årsmeldingar bør dette kome betre fram.

Årsmeldinga er elles fyldige og gir god informasjon.

Avslutning

- Revisjonsmeldinga inneheld ikkje atterhald eller presisering, men informasjon om at premieavvik i balansen ikkje er reelt krav og meirforbruk i forhold til budsjett på fleire av sektorane.
- Årsrekneskapen er gitt i samsvar med lov og forskrift, gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31.12.2019.
- og resultatet for rekneskapsåret er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.
- Revisjonen har elles ingen merknadar til det framlagde rekneskap for 2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
20/20	217	05.05.2020	12.05.2020	KS

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - TENESTEYTING I HEIMESJUKEPLEIA – OPPFØLGING

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek tilbakemelding vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tenesteyting i heimesjukepleia til vitende, og ser på oppfølginga som avslutta.

Vedlegg

1. Samandrag i rapporten – Tenesteyting i heimesjukepleia, av 13.09.2019
2. Tilbakemelding frå kommunedirektøren.

Saksopplysning

Etter forskrift om kontrollutval §12, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgde opp.

Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet i Sande kommune gjorde i sak 06/17 vedtak om å få gjennomført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt knytt til tenesteyting - heimesjukepleie.

Målsettinga for prosjektet er å kontrollere om heimesjukepleia yter tenester i samsvar med brukarane sine enkeltvedtak, enkeltvedtak mht. form og innhald og om vedtaka burde vore revurderte. Det ligg føre også ei utarbeida deskriptiv analyse med bakgrunn i KOSTA –tal frå SSB.

Saksbehandling forvaltningsrevisjonsrapport

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS utarbeidde forvaltningsrevisjonsrapport – Tenesteyting i heimesjukepleia –Sande kommune, datert 13.09.2019. Denne var handsama i kontrollutvalssak 35/19, og vidare i kommunestyret 10.12.2019 i sak 71/19 der det vart gjort følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tenesteyting heimesjukepleie, Sande kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 13.09.2019).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 - Kommunen må få på plass rutinar for å fange opp at det blir utarbeida og sendt ut enkeltvedtak til alle brukarane innanfor forvaltningslova sine fristar.
 - Kommune må få på plass felles rutinar i høve oppfølging og revurdering av enkeltvedtak. Dette bør også innarbeidast i dei nye skriftlege rutinane kommunen har utarbeida og som gjeld frå 2019.
 - Kommunen må sørge for at ein sender ut nytt skriftlege enkeltvedtak i sakene ein vel å revurdere. - Kommunen må sette i verk tiltak for å sørge for lik praksis mht. registrering av utførte tenester.
 - Kommunen må vise til korrekt heimelstilvising i enkeltvedtaka; pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 a andre ledd, jf. helse- og omsorgstenestelova § 3-2 første Side 6 av 14 ledd nr. 6 bokstav a.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan 30.04.2020.

Tilbakemelding frå kommunedirektøren.

Sjå vedlegg.

Kommentar frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS v/Alf Marius Grønnevik.

Ut i frå tilbakemeldinga til kommunedirektøren har ein no fått på plass tenestekoordinerande eining og rutinar for å sikre at anbefalingane blir gjennomført.

Ein eventuell etterkontroll på eit seinare tidspunkt vil kunne avdekke om tiltaka har fungert.

Pause frå 09.50 til 10.00.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
21/20	047	05.05.2020	12.05.2020	KS

ORIENTERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN - STATUS FLEIRBRUKSHALL - LARSNES

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitende.

I møtet

Kommunedirektør Trond Arne Aglen orienterte og svara på spørsmål.

Møter halde og avtale er inngått og pengane 1,5 mill. er utbetalt til kommunen

Kommunen har godt samarbeid med Larsnes Idrettslag.

Saksopplysningar

Kontrollutvalet gjorde i sak 05/20 vedtak om at dei ville ha ei orientering om fleirbrukshallen på Larsnes.

Kommunedirektøren er kalla inn og orienterer i møtet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
22/20	033	05.05.2020	12.05.2020	KS

ORIENTERING FRÅ NESTLEIAR – MULIGHEITANE FOR INNSYN BL.A. BRUK AV POSTJOURNAL

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå nestleiar til vitende.

I møtet

Nestleiar i kontrollutvalet Silje Ekroll Riborg, som er arkivansvarleg i Vanylven kommune, orienterte og svara på spørsmål.

Elisabeth Kirkholm og Kenneth Runsten var ikkje til stades i orienteringa.

Saksopplysningar

Nestleiar i kontrollutvalet Silje Ekroll Riborg vil i eit møte orientere om muligheitene for innsyn bl.a. bruk av postjournal. Jf. sak 05/20.

Nestleiar i kontrollutvalet er kalla inn og orienterer i møtet.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
23/20	040	04.05.2020	12.05.2020	JS/KK

BRUK AV HASTEPARAGRAF

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tilrår at saka om val av kandidatar til suppleringsval i aksjeselskap vert behandla i kommunestyret til erstatning for formannskapet sitt vedtak der kommunelova § 11-8 er oppgitt som heimel.

I møtet

Ordførar Olav Myklebust gjorde ei grundig orientering om kvifor ein brukte hasteparagraffen. Han viste m.a. til at då formannskapet den 03. april avgjorde saka som hastesak så var generalforsamling i Rovdefjordsambandet AS beramma til 22. april og Tussa Kraft AS 24. april. Dermed ville desse generalforsamlingane kome i forkant av kommunestyret sitt neste møte, som var planlagt til 28. april, som det også var usikkert om ein kunne gjennomføre på grunn av koronasituasjonen.

Ordførar og kommunedirektør gikk frå møtet før det vart gjort vedtak i saka.

Kontrollutvalet ser at dei munnlege opplysningane i møtet frå ordførar tilfører både nye og relevante opplysningar i saka. Det hadde vore ønskjeleg at desse kom fram i formannskapet sine sakspapir.

Formannskapet si saksutgreiing eller møteboka frå møtet 03.04. inneheld imidlertid ingen opplysningar om kva formannskapet la til grunn som hastesituasjon. Når slike opplysningar kan vere avgjerande for vurderingar av om eit vedtak er gyldig, vil god protokollskikk tilseie at dette kom fram.

Utvalet syner til regelen i aksjelova om at eit styremedlem skal verte ståande i vervet til nytt medlem er vald. Det skal då mykje til for å oppfylle det strenge kravet til hastesituasjon ved utpeiking av ny styrekandidat. At det i begge dei nemnde selskapa var varamedlemer trekkjer i same retning. Det er heller ikkje kome fram opplysningar som tyder på at val måtte gjerast straks for at styra framleis skulle vere vedtaksføre.

Når kontrollutvalet vel å ikkje sende saka over til kommunestyret med innstilling, men med ei tilråding, så er det på grunn av den informasjonen som ordføraren ga i møtet. Denne syner at vurderingstemaet for formannskapet nettopp var hastesituasjonen, slik den sto fram der og då, noko som må vurderast som korrekt.

Formannskapet sitt hastevedtak er allereie referert i kommunestyremøtet 28.04.2020.

Tilrådinga frå utvalet er å sjå på som ei oppmoding til ordførar og kommunestyre om anten å ta utvalet sitt syn til vitande utan vidare behandling eller å stadfeste formannskapet sitt vedtak.

Vedlegg

- Saksframlegg for formannskapet, møte 03.04.2020, sak nr. 50/20
- Saksframlegg for kommunestyret, møte 28.04.2020, sak nr. 39/20
- E-post av 28.04.2020 frå kontrollutvalsleiar Elisabeth Kirkholm

Saksopplysningar frå sekretariatet

1. Saksgong

I møte den 03.04.2020, sak 50/20, utpeika formannskapet kandidatar til styreverv i selskapa Rovdefjordsambandet AS og Tussa Kraft AS. Det går fram av møteprotokollen at vedtaka er gjorde i medhald av kommunelova § 11-8 første ledd (hasteparagrafen).

Formannskapet si avgjerd vart referert for kommunestyret i møte den 28.04.2020, sak nr. 39/20.

Leiar i Sande kontrollutval, Elisabeth Kirkholm, har i e-post av 28.04.2020 overfor kontrollutvalssekretariatet teke opp sak for utvalet når det gjeld bruken av hasteparagrafen.

2. Regelverk og retningslinjer

Kommunelova § 11-8 første ledd, første punktum, (hasteparagrafen) lyder:

«§ 11-8. *Hastesaker*

Kommunestyret ... kan selv gi formannskapet, et utvalg etter § 5-7 eller ordføreren myndighet til å treffe vedtak i saker som skulle ha vært avgjort av et annet organ, når det er nødvendig å treffe et vedtak så raskt at det ikke er tid til å innkalle det organet som skulle ha avgjort saken.»

Politisk reglement for Sande kommune vart vedteke den 10.03.2020 i Sande kommunestyre, sak K-22/20.

I reglementet er det under pkt. 1.3.5.2 gitt «Særlege retningslinjer for Formannskapet», der det under «Arbeids- og ansvarsområdet» heiter:

«Formannskapet vert gjeve mynde etter Kommunelova § 11-8 (hasteparagrafen) til å gjere vedtak i saker som skulle vore avgjort av anna organ, når det er naudsynt at vedtaket vert gjort så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn dette organet».

Under reglar for sakshandsaming, pkt. 2.10 Hastesaker, heiter det dessutan i reglementet: «Formannskapet og ordføraren har mynde til å gjere vedtak i hastesaker».

Etter det same reglementet, pkt. 1.3.2, skal kommunestyret føreslå styremedlem til ulike selskap m.m., herunder:

- «Rovdefjordsambandet AS – styret. Kommunestyret vel ein kandidat med personleg vara.
.....
- Tussa Kraft AS – styret. Kommunestyret vel ein kandidat med 2 vararepresentantar».

3. Generelt mynde

Vi kan ikkje sjå at kommunestyret har delegert sitt mynde til utpeiking av ovannemnde styrekandidatar til andre, t.d. formannskapet. Det er såleis kommunestyret sjølv som skal velje/utpeike dei som skal vere kommunen sine kandidatar.

Kommunestyret har rett nok gitt formannskapet det mynde som § 11-8 krev for å treffe vedtak i hastesaker. Dette er gjort på generelt grunnlag gjennom politisk reglement. I medhald av dette kan formannskapet treffe vedtak i saker som skulle vore avgjort av eit anna organ, i dette tilfelle kommunestyret.

Men etter lova og reglementet er dette ikkje tilstrekkeleg for at formannskapet kan gjere hastevedtak. Det må i tillegg ligge føre ein hastesituasjon.

Saka gjeld «suppleringsval» som i saksutgreiinga er grunnlagt med at «kandidatar av ymse grunnar har trekt seg eller søkt om fritak».

I aksjeselskap vert styret vald av generalforsamlinga, jfr. aksjelova § 6-3. Ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av juni, jfr. aksjelova § 5-5 (1). Kommunen skal som aksjeeigar oppnemne sin kandidat, jfr. ovanfor.

4. Vurderingstemaet i saka

Lova sitt vilkår for bruk av myndet til å gjere hastevedtak er at det er påkrevd at vedtak vert gjort så raskt at det ikkje er tid til å innkalle kommunestyret som eigentleg skulle fatte vedtaket.

Spørsmålet i saka er såleis om det låg føre ein situasjon som gjorde at ein ikkje kunne vente på ei handsaming i kommunestyret. Det kjem ikkje fram noko grunngeving for dette.

5. Spørsmålet om ugyldig vedtak

Av lovforarbeida bak dette spørsmålet kan nemnast:

Ot.prp. nr. 42 (1991-1992) – kommuneloven (side 269):

«Bruk av hastekompetansen er knyttet til tilfeller hvor det ikke er tid til å innkalle det organet som har myndighet i saken. Dette innebærer at det bare er i de situasjoner hvor det er fysisk umulig å få sammenkalt det kompetente organ, at hastekompetanse kan brukes. Var det mulig å sammenkalle rett organ, er vedtaket truffet av galt organ, og dette vil kunne bety at det er ugyldig.»

Prop. 46 L (2017-2018) kommuneloven, side 159-160)

«Departementet vil understreke at det skal noe til før en hastefullmakt kan benyttes. Adgangen må sees i sammenheng med bestemmelsen om fjernmøte i det organet som i utgangspunktet har fullmakt til å treffe den aktuelle avgjørelsen. Kommunene bør i størst mulig grad vurdere [side 160] om det er mulig å treffe en avgjørelse i et fjernmøte framfor at saken behandles etter bestemmelsen om hastesaker.»

Ein dom i Larvik tingrett set fokus på nettopp dette:

«Tidsfaktoren gjorde det ikke nødvendig for formannskapet å treffe vedtak. Etter rettens oppfatning lå forholdene heller slik an at formannskapet skulle ha avgitt innstilling og oversendt saken til kommunestyret ...»

Oppsummering

Om det ligg føre ein hastesituasjon som fyller krava i kommunelova § 11-8 må vurderast konkret. Ei hastesak er det først når det ligg føre knappheit på tid og viktige interesser vert skadelidande om ikkje kommunen gjer vedtaket innan den korte tida som står til rådvelde.

Det var ikkje opplyst noko om tidspunkta for dei komande generalforsamlingane i selskapa.

Det går heller ikkje fram av saksutgreiinga for formannskapet at det ville føre til nokon negativ effekt eller innebere problematisk uvisse overfor selskapa eller andre dersom ein i staden for å gjere hastevedtak venta på kommunestyret si handsaming den 28.04.2020.

Ut frå det som kjem fram ovanfor vurderer vi det slik at det ikkje kan seiast å ligge føre ein reell hastesituasjon i høve til kommunelova § 11-8.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
24/20	033	05.05.2020	12.05.2020	KS

UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Torbjørn Rekdal.

Møtet slutt.

Elisabeth Kirkholm
Leiar

Torbjørn Rekdal
Medlem

Utskrift til:

Kommunestyret som melding.

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.

Kommunedirektør – til orientering.

Ordfører – til orientering.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.